



Når første runde i Italia-tevlinga nærmar seg slutten- og den er ved midnatt - ligg Elin Enes på sjuandeplassen omtrent 2000 poeng etter nummer 6. Situasjonen verkar med andre ord ikkje lovande med tanke på at det er dei seks med høgast poengsum som skal få bli med kjendiskokk Hellstrøm til matens og vinens høgborg. Men det treng ikkje å spela nokon rolle, for finalen startar på 0!.

Ved midnatt startar den altså med dei 30 som har fått flest poeng. Finalen skal halda fram heilt fram 23. oktober og dagen etter reiser Hellstrøm, dei 6 med flest poeng og fleire til Toscana. Opphaldet skal vare gjennom helga som fylgjer.

Den som fekk mest poeng i den innleiande runden har hatt sterk vind i segla.

Tore Svanemslie frå Trondheim er i ettermiddag heilt oppe i 10875. Dei 2 næraste ligg på 9000-talet medan Elin har 6202. Det blir sikkert ein hard kamp om dei 6 plassane og vår lokale deltakar treng all den støtta ho kan få.

Tekst . Ola Matti Mathisen



Elin byr på matgedene sine i Rosendal (Foto:Ola Matti Mathisen)